Naboar og gjenbuarar

| DERES REFERANSE | VÅR REFERANSE | DATO |
| --- | --- | --- |
| | | 26.02.2018 |

## J.R Wilhelmsens vei og omegn - område 3

## Nabovarsel – Rehabilitering av vatn- og avløpsnettet i Bleikeråsenområdet

I samband med at det skal søkjast om løyve etter plan- og bygningsloven (pbl) for rehabilitering av VA (vatn og avløp) -nett i Bleikeråsenområdet i Asker kommune, vert dykk med dette varsla som nabo, jf. pbl. § 21-3.

VA-nettet som skal rehabiliterast ligg i kommunal veg. Heile eller delar av følgjande vegar vert omfatta av tiltaket: Bleikeråsen, Slettagata og Langenga. Totalt skal om lag 620 meter VA-nett rehabiliterast. I tillegg vert om lag 150 meter rehabilitert ved hjelp av gravefrie metodar. Sistnemnde gjeld strekning markert med gul strek i Langenga.

Dei rørde areala er omfatta av fleire reguleringsplanar og kommuneplanens arealdel. I hovudsak omfattar tiltaket areal regulert til veg og er lagt ut til byggeformål i kommuneplan. Delar av Bleikeråsen er lagt ut til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNFR). Søkar legg til grunn at tiltaket berre rører eksisterande lovleg anlagt veg og VA-anlegg og difor ikkje krev dispensasjon frå kommuneplanen. Dersom bygningsmyndigheitene ikkje er samd i dette vert det søkt om dispensasjon grunna i at tiltaket gjeld utskifting av eksisterande VA-nett i same trasé. Fordelane med nytt VA-nett er store og langvarige utan at ein kan peike på andre ulemper enn at det vert ein periode med anleggsarbeid. Dette gjer at tiltaket har klart større fordelar enn ulemper.

Tiltaket er vist på vedlagte kart datert 17.05.2017.

Evt. merknader sendes underteikna snarast, og seinast innan 2 veker frå dette varselet er sendt, jf pbl § 21-3.



**Sweco**
PB 264
Storgaten 136

NO-3901 Porsgrunn, Norge
Telefon +47 35 56 95 00

Sweco Norge AS
Org.nr: 967032271
Hovedkontor: Oslo

Anund Grane
Rådgjevar/Jordskiftekandidat
Byggesak og eigedomsrådgjeving

Mobil +47 900 18 274
anund.grane@sweco.no

www.sweco.no
\\noporfs001\OPPDRAG\32615\16594111\05 Offentlige myndigheter\Plan- og bygningsmyndighet\Nabovarsel

Med helsing

Sweco Norge AS



Anund Grane

Jordskiftekandidat / Rådgjevar

Byggesak & Eigedomsrådgjeving